

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 29. november 2018 kl. 14.00

Møtestad: rådhuset

Møtet vart leia av May-Sissel Osvik.

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Øystein Eide, Kaja Kongsnes og Olav Jan Bårdsgjerde.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon3 møtte revisor Solrun Aannø Tusvik og Svein Ove Otterlei.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Knut Helge Harstad, ass. rådmann Janette Osland Steinvik og økonomisjef Magny Hauge Dyrkorn.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakslista vart godkjent. Målfrid Sjøstad meldte inn ei sak under eventuelt.

Sak 16/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 27.09.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 27. september 2018 blir godkjent.

Sak 17/18 - Revisjonsstrategi 2018 for Ørskog kommune.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. november 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Ørskog kommune og påpeiker viktigheta av at dette blir teken med vidare.

Sak 18/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. november 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ørskog kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sak 19/18 - Orientering om nye Ålesund v/ass. Rådmann

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. november 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ørskog kontrollutval tek orienteringa til vitande og takkar ass. rådmann for ei omfattande og god orientering.

Sak 20/18 - Møteplan 2019 for Ørskog kontrollutval

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. november 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Torsdag 14. mars, torsdag 23. mai, torsdag 5. september og torsdag 21. oktober, alle dager kl. 15.00

Eventuelt:

Målfrid Sjøstad tok opp spørsmål knytt til utrekning av kostnader ved å bu på Ørskog sjukeheim (spørsmålet i sin heilhet fylgjer vedlagt til møteboka). Assisterende rådmann lovet ei skriftlig tilbakemelding til kontrollutvalet.

May-Sissel Osvik orienterte om mottatt henvendelse frå Kåre Jonny Braute som gjaldt Bårdsgjerde vegen. Ordfører Knut Helge Harstad ga ei kort orientering om status i saka.

Møtet var avslutta kl. 15.20

May-Sissel Osvik leiar (sign.)	Målfrid Sjøstad nestleiar (sign.)	Øystein Eide medlem (sign.)	Kaja Kongsnes medlem (sign.)	Olav Bårdsgjerde medlem (sign.)
--------------------------------------	---	-----------------------------------	------------------------------------	---------------------------------------

Sjøholt, 28/11-18

Utrekning av kostnader ved å bu på Ørskog Sjukeheim.

Ved å bu på sjukeheimen betalar vi ein døgnpris med diverse tillegg for bl.a. Medisin og anna forbruksvarer.

Etter eit dødsfall vil det nok naturleg kome ei etterregning, men er det naturleg at den skal kome inntil 15mnd etter dødsfallet? Uetisk? og kanskje litt rauseleg.

Dette meiner eg må kunne gjerast på kortare tid.

Når ein person bur der og har kun minstepensjon, og har kanskje div.utgifter i f.eks anna bustad (tidlegare heim), kven er då ansvarleg for denne etterbetalinga? Dersom denne personen ikkje har midlar, eller kanskje ikkje nære pårørande?

Majrid Sjøstad.

~ ~ ~